



Konrad Hjalmar Kartveit
Postboks 39
5931 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13439 - 20/68793

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
30.10.2020

Førehandsvarsel om pålegg om opprydding og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 499/31, 499/34 Ystebø

Tiltak: Fjerning og opprydding av bilar og avfall på eigen grunn
Byggjestad: Gbnr: 499/31,499/34
Tiltakshavar: Konrad Hjalmar Kartveit

Alver kommune har registrert, og motteke melding om ulovleg lagring av bl.a. bilvrak, bildekk, plastgjenstandar, oljetønner, IBC containere, ein gamal lastebil, gamle traktorer m.m på eigedomen din, med adresse Slettevegen 969, 5939 Sletta.

Kommunen varslar med dette at vi vurderer å påleggje deg som grunneigar å rydde opp på eigedomen, gnr. 499 bnr. 31 og 34. I dette brevet finn du informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureiningssituasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 37 1. ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har oppbevart avfall i strid med § 28.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Kommunen reknar alle uregistrerte motorkjøretøy og dei andre gjenstandane på eigedomen din som avfall i forhold til forureiningslova § 27, 1. ledd. Dette gjeld uansett kva for grunn du har til å oppbevare dei på eigedomen.

Det er vidare etter forureiningslova § 28, 1. ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjæmmende eller være til fare eller ulempe for miljøet». Føresegna gjeld og forsøpling på eigen eigedom. Etter føresegna i § 28, 3.ledd stillast det krav til forureinaren om å rydda opp.

Gjenstandane på eigedommen din blir lagra på ein måte som inneber brot på forsøplings- og forureiningsforbodet. Ein kvar gjenstand av metall vil før eller sidan ruste opp, og dei miljøskadelege stoffa vil bli tilført grunnen. Alle gjenstandane som ikkje er miljøsanert inneheld

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

restar av drivstoff, olje, frostvæske, kuldemedier, bremsevæske, batteri, oljefiltre, kvikksølvholdige komponentar] m.v. I enkelte tilhøve vil dei skadelege stoffa bli verande på staden og difor kun ha miljøskadeleg effekt i eit avgrensa område. I andre tilfelle vil stoffa bli ført vidare i grunnvatn og vassdrag og følgjeleg ha verknad i eit større område. I kva grad stoffa tas opp i næringskjeda vil mellom anna avhenge av mengda bilar, deira alder og grunnforholda.

Giftstoffar i batterier kan gjera stor skade . For å redusera dei negative effektane batteri har på natur og miljø, må både forbrukar, produsent og returselskap samarbeide til eit felles beste. Bilbatteri inneheld miljøskadelege stoffer, som bly, kvikksølv og kadmium. Når slike batteri kastast feil og giftstoffane sleppes ut, kan dei gjera stor skade på naturen. Nokre batteri kan og lekke etsande batterisyre.

Ved den varsla synfaringa på eigedommen din fredag den 09.10.2020 kl. 13:00 vart det observert eit stort tal gamle, uregistrerte bilar og enorme mengder med anna avfall. Tilhøva representerer eit alvorleg problem med tanke på forureining.

Vidare verker lagringa av bilane, oljetønnene, IBC containarane, europallene og alle dei andre gjenstandane som var plassert på eigedommen skjemma og gir nedsett trivsel for turfolk, naboer og eventuelt andre brukarar av området. Alver kommune kan forby oppbevaring av gjenstandar «*når det etter kommunens skjønn vil gjøre opphold eller ferdsel farlig, virke sterkt skjemma eller være til vesentlig ulempe*», jfr. plan-og bygningslova § 28-5. Vi viser i den samanheng til at oppbevaring kan vere farleg for forbipasserande, til eksempel for born.

Som følgje av det ovannemnde vurderer kommunen å påleggje deg å rydde opp.

Du får ein frist på 4 månader til opprydding av området, dvs. at fristdato vert sett til 28.02.2021.

Varsel om pålegg og tvangsmulkt

Med heimel i forureiningslova § 37 1. ledd varslar Alver kommune om at vi vil påleggje deg å rydde opp dersom vi innan **28.02.2021** ikkje har motteke ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon frå deg om at du allereie har rydda opp.

Med heimel i forureininglova § 73 varslar Alver kommune om at vi vil ilegge tvangsmulkt dersom området ikkje vert rydda, og kommunen ikkje har motteke biletokumentasjon på dette innan **28.02.2021**.

Frist

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 28.02.2021**.

Kva kan du gjere no?

For å unngå pålegg må du gjere følgjande:

- Fjerne bilane, pallene, containerne, oljetønnene, samt alt det andre avfallet.
- Sende oss ei skriftleg tilbakemelding med opplysningar om at du har rydda opp, samt biletokumentasjon.
- For bilane som skal vrakast, og som blir levert til eit godkjent mottak, ber vi deg om å sende inn kopi av vrakmeldingane som du mottar for desse.

Dine rettår:

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om opprydding. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Kommunens tilsynsplikt følgjer av forureiningslova § 48
- Definisjon av avfall følgjer av forureiningslova § 27
- Forbod mot forsøpling følgjer av forureiningslova § 28.
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningslova § 37 1.ledd.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nordhordland Lensmannskontor	Postboks 33	5902	ISDALSTØ
------------------------------	-------------	------	----------

Mottakarar:

Konrad Hjalmar Kartveit	Postboks 39	5931	MANGER
-------------------------	-------------	------	--------